

SAK 08-26 INNSPELSMØTE MED FRÅ SAMFERDSELSAVDELINGA I FYLKESKOMMUNEN

Saksopplysning:

Samferdselsavdelinga i Buskerud kjem for å orientere og for å få innspel til følgjande:

- Nasjonal transportplan 2029-2040.
- Fylkeskommunens arbeid på samferdselsområdet i 2026, bl.a. oppfølging av handlingsprogrammet for samferdsel 2022-2025.
- Justeringar i rutetilbodet for fylkeskommunal kollektivtrafikk.

Hallingtinget vil få høve til å gje sine innspel til fylkeskommunen, men me vil også gje innspel til fjerntogstrategien i juni og statsbudsjettet i okt.

Vurdering:

Hallingdal står samla om dei store samferdselsprioriteringane til NTP.

1. Bergensbanen si forkorting med Ringeriksporteføljen FRE 16
2. RV7 Strekninga Ørgenvika- Kittilsiviki + strekningsvis utbetring
3. Fjellovergangane RV7 Hardangervidda (inkl. Dyranuttunell) og Rv 52 til fylkesgrensene

Det er ingen grunn til å endre desse prioriteringane.

Når det gjeld innspel til fylket kan det sikkert vera noko diskusjon. Her ligg høyringsuttala til handlingsprogram for samferdsel i Buskerud frå mars 2025 vedlagt

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Hallingdal, 16. april 2026

Jan Olav Helling

Dagleg leiar

Vedlegg:

Høyringsssvar på utkast til handlingsprogram for samferdsel

Høyringsvar på utkast til handlingsprogram for samferdsel 2026 – 2029, Frå Regionrådet for Hallingdal

Me viser til høyringsbrev datert 17. feb. 2025. Regionrådet for Hallingdal, som er eit samarbeids- og interesseorgan for dei seks kommunane i Hallingdal har behandla høyringssaka i sitt møte den 25. mars 2025 og er samde om å gje følgjande innspel.

Innspel til kapittel 3. Samfunnsutfordringar knytt til samferdsel

Ein av dei store utfordringane for innbyggjarane i distriktskommunar er at det er vanskeleg å koma seg til og frå jobb, aktivitetar og ulike tilbod for dei som ikkje kan køyre bil sjølv. Omlag 2/3 av Buskerud sitt areal er distriktskommunar. Skal ein oppretthalde levande bygder, stimulere næringslivet og få til auka tilflytting, må ein ha andre verkemiddel i distrikta enn i bynære strok. Slik det er i dag, er det ujamn fordeling av mobilitetstiltaka i fylket og det kan forsterke sosial forskjellar.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

Bynære strok har for stort fokus i handlingsprogrammet. Me ønskjer meir distriktsfokus.

Innspel til kapittel 6. Kollektivtransport

I vårt område er det slik at skuleruta utgjer om lag 80 % av busstilbodet. Om ein ser Buskerud som heile, er dekket skulekøyninga om lag 50% av tilbodet. Det betyr at folk i distrikta har eit busstilbod morgon og kveld på kvardagar, men at det på kveld og helg er det heller dårleg. Handlingsprogrammet skisserer løysingar som Brakar Fleks og andre måtar å samordne transport på. Dette kan vera gode og spennande løysingar, som førebels ikkje er testa ut godt nok, men som me er positive til å prøve ut.

Hallingdal har dei seinare åra sentralisert ein del funksjonar. Denne sentraliseringa i kombinasjon med redusert kollektivtilbod har gjort det vanskelegare for folk i Hallingdal å koma seg til fleire

offentlege tenester.

- Tannlege. Fylket har flytte offentleg tannhelseteneste frå kvar kommune til eit tannlegesenter på Gol. Samtidig har ein redusert moglegheita til å koma seg dit fordi bussruter er kutta.
- NAV Statleg/kommunal teneste. Lokale NAV kontor er tatt ned - folk må til Gol.
- VGS. Elevar som startar seinare enn vanleg tek seinare bussar.
- Politi/pass sentralisert til Gol. Einaste tilbodet i dalen
- Vinn AS. Ei tilrettelagt bedrift og ressurscenter for arbeidsinkludering på Gol og i Hol måtte kjøpe eigen bil for å frakte folk på arbeid då rute 330 vart lagt ned.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

Bussruter med gjennomgåande høge passasjertal bør prioriterast og viktige bussruter må koma inn att i drift. Passasjertal bør derfor leggast fram når bussruter skal kuttast.

Me ønskjer eit samarbeid med Buskerud fylke når det gjeld å tenkje nytt om kollektivtransport i distrikt og me ønskjer tettare dialog med fylket om kollektivordninga. Me håpar å unngå at det offentlege ved kommune eller stat må bruke store summar på å kompensere for ei nedlagt

bussrute der det offentlege fylket sparar pengar. Då må ei heller gå i dialog på førehand og finne løysingar som gjer at det ikkje blir for vanskeleg å bu i distrikta.

Innspel til kapittel 6.9 togtilbodet

I programmet kap. 6.9 står det at Buskerud fylkeskommune blant anna skal arbeide for:

- Tilstreккеleg/auka frekvens på Brakerøya stasjon til nytt sjukehus og framtidig fjordby.
- Langsiktig mål om to tog i timen til Kongsberg
- Morgonavgang frå Geilo til Oslo, med retur om kvelden.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

At Ringeriksbanen med fellesprosjektet med E16, var det prosjektet som hadde høgast prioritet då Viken og seinare Buskerud fylkeskommune ga sine innspel til Nasjonal transportplan (NTP). Dette bør framleis ha høgast prioritet og bør nemnast i dokumentet.

Innspel til kapittel 7 Fylkesveggar, samt gang og sykkelveggar

Det er store etterslep på fylkesvegnettet og behovet for nye gang- og sykkelveggar er stort.

Regionrådet for Hallingdal meiner:

- At det må jobbast for å auka løyvingane til fylkesveggar slik at vegane skal vera trygge å ferdast på og at fylkesvegane kan oppretthalde sin beredskapsmessige funksjon.
- At det må jobbast med gang- og sykkelveggar langs fylkesvegane. Spesielt gjeld dette der det er gjort infrastrukturiltak som samanslåing av to skuler i Hol. (Gangveg Brattåker – Djupedalen i Hol) Ny skule i Gol (Hesla bru) osv.
- At ein bør oppgradera fleire busstopp med ventebu og lys, samt lik standard på begge sider av vegen.

Til slutt vil me spele inn ønskje om tettare dialog mellom kommune og fylke når det gjeld

avklaringar knytt investeringsporteføljen. Dette handlar om korleis kommunane sine innspel blir tatt i mot, korleis dei blir prioritert og etter kvart korleis dei blir behandla. Det er fleire kommunar i Hallingdal som har levert innspel til investeringsporteføljen, men berre to prosjekt som ligg inne i utkastet. Det er eit «avklaringsprosjekt» i Ål kommune og eit prosjekt på Gol, Fv. 51 Valdresvegen ved Hesla bru, som er under planlegging.

Kva vil det si at noko er under avklaring eller under planlegging? Kva partar har dialog om desse prosjekta, kva er tidsaspektet osv.

Dette kunne handlingsprogrammet vore tydelegare på.

Hallingdal, 31. mars 2025

Jan Olav Helling

Dagleg leiar